
Fra: Håkon Vatnøy <hakon.vatnoy@outlook.com>
Sendt: 20. februar 2015 22:27
Til: Postmottak Lindås
Emne: Merknader til reguleringsplan for Knarvik Terrasse

Merknader til høyring av framlegg til mindre endring i reguleringsplan for Knarvik Terrasse:

1) I dokumentet "Høyring av framlegg til mindre endring av reguleringsplan for Knarvik Terrasse", referanse: 15/155 - 15/1924 står det at: "Endringane som er gjort vedkjem berre eigedom 188/757 og vil ikkje ha verknad på kringliggjande bustadområde". Dette må tolkast slik at tiltaket heller ikkje gjev noko auka bruk av tilgrensande områders veg, parkering m.v. Mao. at all innkøyrse, parkering og gjesteparkering vert løyst innanfor det gulfarga arealet BBB som er merka på arealplankart 12.02.2015 ("planframlegg").

2) For at ikkje ny blokk skal verta den dominerande i området, må mønehøgda ikkje vera høgare enn mønehøgda på blokk B2 (på 188/749). Mao, at mønet på ny blokk vert på lågare enn eller lik tal meter-over-havet som mønet på B2.

3) I framlegg til reguleringsføresegner er ei av endringane eit tillegg: "Felles parkeringsanlegg med tilgrensande tomter skal vurderast.". Det må presiserast at dette ikkje gjeld det tilgrensande område 188/335 sør for det gulfarga arealet BBB som er merka på arealplankart 12.02.2015 "planframlegg"), jf. merknad 1.

Håkon Vatnøy
Kvassnesvegen 55
5914 Isdalstø